

Lokal smitterisikovurdering for Luster kommune

Dato: 23. februar 2021- veke 8

Føremål: Sannsyn for vidare spreiding og konsekvensane av dette skal vurderast.

Ansvar: Kommuneoverlegen har ansvar for å vurdere risiko ved utbrot og den generelle smittesituasjonen, eventuelt i samarbeid med nabokommunar og Statsforvaltaren. FHI kan gje råd, støtte i vurderingane og vegleiing (utanfor arbeidstid: Smittevernvakta).

Oppsummering: Kommunen er i veke 8 på risikonivå 1 (kontroll). Vi har hatt 2 påvist tilfelle i kommunen og 15 nærkontaktar i karantene.+ eit tilfelle registrert i annan kommune og oppheld seg der. Det er i veke 7 teke 70 koronatestar(PCR). Luster har ikkje eigne tiltak eller tilrådingar utover statlege føringar. Det er anbefalt bruk av munnbind der det er vanskeleg å halde 1m som til dømes butikkar ol.

A. Epidemiologisk situasjon må bestemast:

- Et utbrott med fleire tilfelle knytt til same smittekjelde eller smittesituasjon, eventuelt en massesmittehendning.
- Fleire tilfelle med ukjent eksponering.
- En generell auke.

Vurderinga byggjar på ein omtale av utbrot basert på overvakinga (trinn 1), smitteoppsporinga og etterforskinga (trinn 3). Tre indikatorar, som er tilgjengelege i Sykdomspulsen, er særleg viktige:

Indikator	Formål	Risikonivå				
		1	2	3	4	5
Tall nye tilfelle per 14 dagar per 100 000 innbyggjarar	Måler hyppighet av påviste tilfelle	Under 50 38/100k (57/100k)	50-149	150-299	300-599	600 eller høgare
Del positive blant de testa i gjennomsnitt siste to veker	Måler prevalens blant de testa	< 2 % 3,7%		2 – 9 %		≥ 10%
Tal nye innleggingar per 14 dagar per 100 000 innbyggjarar	Måler hyppighet av alvorlig sjukdom	< 5 0		5 – 29		≥ 30

I tillegg må ein vurdere:

1. kva grupper som er ramma -ein familie/barnehagebarn. Det er i tillegg eit tilfelle som ikkje oppheld seg i kommunen.
2. om smittevegane er kjende for dei fleste tilfella -ja
3. om tilfella er del av kjende utbrot, og i så fall kor og når smitten skjedde, kven som er omfatta, om særleg utsette grupper er ramma<, og kor mange nærkontaktar som er

involvert. –. Det er registrert 7 personer via elektronisk innreiseregistrering til kommunen (entrynorway.no), desse er i 10 dagars karantene.

B. Spreiingspotensialet: Vurdering av spreingspotensialet i fråvæ av nye eller forsterka tiltak i den aktuelle situasjonen basert på erfaring frå liknande utbrot, analyse av smittekjeda, del med ukjend smitteeksponering, anslag over spreingspotensialet R og fara for massesmittehendingar.. Vestland veke 7; R er 1,1 Landet 0,8.

Fare for overbelastning av testing - eller smitteoppsporingskapasiteten; -Ikkje utfordringar for dette per i dag. Siste 2 veker er 3,7% av alle prøvar positive (nivå 1 = <2%)

C. Forventa sjukdomsbyrde: Fare for spreing til andre kommunar og inn i sjukeheim eller andre helsetenester – per i dag er det avgrensa risiko. Vi har rutinar for testing av pasientar, lav terskel for testing av tilsette. Vi har rutinar for besøks restriksjonar og vaksinerer godt i gang på omsorgssenter. Desse tiltaka er med på å redusere smitteutbrottsrisiko i omsorgssenter. Personar som har vore i «raude kommunar» har restriksjonar på besøk på våre omsorgssenter. Frå 24/2-21 er alle pasientar på omsorgssenter fullvaksinerte og ein vil lette på restriksjonane frå 3/3.

Konklusjon: Kommunen har lågt smittetrykk. Vi har låg skår på epidemiologiske parametrar A, spreingspotensiale B og forventa sjukdomsbyrde .Risikovurderinga består dermed av en enkel beskrivelse av utbruddet eller situasjonen og en konklusjon av risikonivå (se tabell under) som produktet av sannsynligheten for forverring uten tiltak og konsekvensene av slik forverring.

Risikonivå	Omtale
Nivå 1 (Kontroll)	Ingen eller få påviste tilfelle, men mulighet for oppblussing.
Nivå 2 (Kontroll med klynger)	Lokale og regionale utbrott som kontrollerast. Insidensen er gjerne noko varierende som følge av utbrott. Tilfelle kan være avgrensa til visse grupper, og bare en liten andel (under 10 %) har ukjent smittesituasjon. Testing og smittesporing handterast greitt.
Nivå 3 (Økende spredning)	Aukande insidens utanom avgrensa utbrott og fare for rask akselerasjon i insidens. Tilfella er dels sporadiske og dels klynger i ulike miljø. Rundt 10 – 20 % har ukjent smittesituasjon. Kapasitet for smittesporing og testing er under press.
Nivå 4 (Utbredt spredning)	Høg og raskt aukande insidens utanom avgrensa utbrott. Press på sjukehusas kapasitet. Aukande insidens eller fleire utbrott i sårbare grupper. Rundt 20 – 30 % har ukjent smittesituasjon. Aukande insidens av innleggingar og dødsfall. Kapasitet for smittesporing og testing er overbelasta.
Nivå 5 (Ukontrollert spredning)	Ukontrollert spreing i samfunnet og fare for å overskride sjukehusas kapasitet. Akselererande insidens utanom kjente utbrott. Meir enn 30 % har ukjent smittesituasjon. Smittesporing er ikkje mogleg å gjennomføre for mange tilfelle pga. kapasitetsmangel.

